



# Innst. S. nr. 268

(2006-2007)

## Innstilling til Stortinget frå helse- og omsorgskomiteen

St.prp. nr. 80 (2006-2007)

### **Innstilling frå helse- og omsorgskomiteen om endringar i statsbudsjettet for 2007 som følgje av takstoppgjera for legar, psykologar og fysioterapeutar**

Til Stortinget

#### **SAMANDRAG**

Helse- og omsorgsdepartementet gjer i proposisjonen framlegg om endring av løyvingane for 2007 under kap. 2755 post 62 Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar og post 71 Refusjon fysioterapi. Auken på i alt 21 mill. kroner har samanheng med revidert avtale med Norsk Fysioterapeutforbund om takstar og driftstilskot. Avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2007-30. juni 2008 og føreset ei regulering av takstar og driftstilskot med 1,8 prosent per 1. juli 2007. Takstar, driftstilskot og fondsavsetningar aukar med same prosentsats.

Helse- og omsorgsdepartementet gjer vidare framlegg om at departementet får fullmakt til å gjere endringer i trygderefusjonar for legehjelp og psykologhjelp frå 1. juli 2007 på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening. Forhandlingane med desse organisasjonane er førebels ikkje avslutta. Løyvingssaka vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

Det er sett av reserver til dekking av meirutgiftene ved oppgjera under kap. 2309 Tilfeldige utgifter (Ymseposten). Denne løyvinga vil det seinare bli gjort framlegg om å setje ned.

#### **MERKNADER FRÅ KOMITEEN**

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Jorodd Asphjell, Jan Böhler, Sonja Mandt-Bartholsen, Gunn Olsen og Dag Ole Teigen, fra Fremskrittspartiet,

Jan-Henrik Fredriksen, Vigdis Giltun og lederen Harald T. Nesvik, fra Høyre, Inge Lønning og Sonja Irene Sjøli, fra Sosialistisk Venstreparti, Inga Marte Thorkildsen, fra Kristelig Folkeparti, Laila Dåvøy, fra Senterpartiet, Rune J. Skjælaaen, og fra Venstre, Gunvald Ludvigsen, har merket seg at Norsk Fysioterapeutforbund, KS og staten i forhandlingsmøtet 24. mai 2007 kom til enighet om revidert avtale om driftsavtale og takster for fysioterapeuter. Denne avtalen skal gjelde for tidsrommet 1. juli 2007-30. juni 2008.

Komiteen har merket seg at forhandlingene knyttet til takstoppgjøret for leger, psykologer og fysioterapeuter ikke er ferdig forhandlet og at eventuelle budsjettmessige konsekvenser dermed foreløpig ikke er avklart. Regjeringen fremmer på denne bakgrunn forslag om at det blir gitt fullmakt til Helse- og omsorgsdepartementet til å gjøre endringer i trygderefusjonene for legehjelp og psykologhjelp gjeldende fra 1. juli 2007.

Komiteen vil bemerke at når det gjelder de pågående forhandlingar mellom legene, psykologene og staten, må en tilstrebe at den nye avtalen ikke medfører økte egenandeler for pasientene all den tid Stortingets flertall i forbindelse med statsbudsjettet for 2007 vedtok å øke egenandelene med 5 prosent for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi. Denne økningen blir gjort gjeldende fra 1. juli 2007.

#### **TILRÅDING FRÅ KOMITEEN**

Komiteen viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

## v e d t a k :

## I

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
		Utgifter	
2755		Helseneste i kommunane:	
62	Tilskot til fastlønnsordning fysioterapeutar, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir auka med	<u>5 000 000</u>	
	frå kr 215 000 000 til kr 220 000 000		
71	Refusjon fysioterapi, <i>kan nyttast under post 62</i> , blir auka med .....	<u>16 000 000</u>	
	frå kr 1 470 000 000 til kr 1 486 000 000		

## II

Helse- og omsorgdepartementet blir gjeve fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane for legehjelp

og psykologhjelp frå 1. juli 2007 på grunnlag av eventuelle avtalar med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening frå den same datoен.

Oslo, i helse- og omsorgskomiteen, den 7. juni 2007

**Harald T. Nesvik**  
leiar og ordførar